

# Møteprotokoll

**Utval:** Nærøyfjorden verneområdestyre

**Møtestad:** E-post

**Dato:** 27.01.2017

**Tidspunkt:** 09:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Noralv Distad	Leder	AUR
Olav Turvoll	Nestleder	VIK
Jan Geir Solheim	Medlem	LÆR
Bjørg Djukastein	Medlem	VOSS

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Iril Schau Johansen	MEDL	HOFK
Gunn Åmdal Mongstad	MEDL	SFFK

---

## Merknadar

Møtet vart gjennomført med svar på e-post.

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Forvaltar/sekretær

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Elektronisk godkjent av:

Noralv Distad

Bjørg Djukastein

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 6/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 7/17	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 8/17	Nærøyfjorden landskapsvernombord - Flaumsikring av fv. 601 Langhuso-Undredal		2017/82

### **ST 6/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 27.01.2017**

#### **Vedtak**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

### **ST 7/17 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll**

**Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 27.01.2017**

#### **Vedtak**

Bjørg Djukastein vart valt til å skriva under møteprotokoll 27.01.2017 saman med styreleiar.

### **ST 8/17 Nærøyfjorden landskapsvernombord - Flaumsikring av fv. 601 Langhuso-Undredal**

**Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 27.01.2017**

#### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

#### **Vedtak**

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Statens vegvesen løyve til sikringstiltak av to bekkeløp i tilknyting til fv. 601 mellom Langhuso og Melhus innafor Nærøyfjorden

landskapsvernområde. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ.

Løyve er gjeve med følgjande vilkår:

- Bekkeløpa, punkt 2 og 3 i plan vedlagt søknad frå Statens vegvesen, kan plastrast med stein. Plastringa skal avgrensast til lengda som er skisser i planen for tiltaket. Det skal leggjast til rette for etablering av kantvegetasjon der dette er mogleg.
- Stein til plastringa skal ikkje føra til nye inngrep utanfor tiltaksområdet, men det kan plukkast enkelte steinar frå nærområdet til plastringa. Tilført stein skal vera tilpassa landskapet på staden, og med tilsvarende geologi som i tiltaksområdet.
- Betongen i inntakskummen skal dekkast til med stein der det er mogleg. Storleiken på kvar inntakskum kan vera inntil 50 m<sup>3</sup>.
- Sikringsarbeidet skal avgrensast til det som er naudsynt for å førebygge skadar på vegbanen.
- Før endeleg ferdigstilling av tiltaka og sluttføring av arbeidet, skal det gjennomførast felles synfaring med verneområdeforvaltar i anleggsområdet. Verneområdestyret kan pålegge tilstelling for å sluttføra arbeidet.